


Bokn skule



Bokn 14.08.20

INFORMASJON TIL HEIMANE

Wenche Havikbotn, rektor
mobil 41764082
wenche.havikbotn@bokn.kommune.no
Annette Bokneberg, skulekontor,
tlf 52752569
annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Frode Lindanger, undervisningsinspektør
tlf 52752557
frolin@boknskule.no

Velkomen til nytt skuleår!

Skulen startar måndag 17. august klokka 08:20. Men på grunn av korona-situasjonen og smittevernomsyn blir oppstarten og første skuledag litt annleis enn det me pleier å ha.

Alle elevane frå 2. til 10. klasse skal møta i klasseromma sine, der dei vil bli ønska velkommen av lærar. Trinna vil ha fellessamling i auditoriet puljevis i løpet av dagen.

1. klasse med foreldre skal møta ute i steintrappene ved Bokn Arena/Idrettshuset. Etter at me har ønska dei nye elevane velkommen til Bokn skule vil dei gå til klasserommet saman med Anne Lisabeth. Foreldra kan på grunn av smittevernomsyn ikkje vere med inn på skulen.

Første skuledag sluttar 12:15 for alle elevane. SFO har vanleg opningstid frå måndag 17.08, NB! Det vil ikkje gå skuleskyss 14:10 denne dagen.
Resten av veka vil vera som vanleg. (sjå lenke)

Korona

Når det gjelder smitteverntiltak så er me på gult nivå slik me var før sommarferien.

Det vil seie:

- Ingen som er sjuke eller har symptom på sjukdom skal møte på skulen
- God hygiene
- Unngå fysisk kontakt mellom personar
- Heile klassar blir rekna som ein kohort
- Tilsette kan gå mellom kohortane/klassane
- Unngå trengsel og store samlingar
- Eigne inngangar og områder ute i friminutta.

- | | |
|------------------|---|
| 1./ 2./3. klasse | Hovudinngang aust, leikeplassen og friområdet aust |
| 4./5. klasse | Hovudinngang vest, ballbingen (mandag, onsdag, fredag) uteområdet sør |
| 6. klasse | SFO-inngang, ballbingen (tysdag, torsdag), fotballbane nord, uteområdet vest |
| 7. klasse | Inngang ungdomsskulen ballbingen (tysdag, torsdag), fotballbane nord, uteområdet vest |
| 8./9./10. klasse | Inngang ungdomsskulen, fotballbanen sør og uteområdet ved ungdomsskulen |

Det er berre dei som har skyssrett som kan ta buss til og frå skulen. Dei som tek buss kan sitje skulder ved skulder med dei i same klasse. Sysken kan sitje saman.

Klikk på lenka for informasjon:

[Korona - Informasjon til foreldre om skulekvardagen](#)

Leksehjelp

I samsvar med opplæringslova § 13-7a og forskrift til opplæringslova kapittel 1A-1 vil elevane i 5., 6., 7. og 8. klasse vil få tilbod om leksehjelp. Me vil starta opp med leksehjelp frå veke 36, meir informasjon til dei det gjeld kjem seinare.

Kontaktlærarar skuleåret 2020/21

1. klasse	Anne Lisabeth Jøsang
2./3. klasse	Henriette Milje
4./5. klasse	Bianca Alvestad
6. klasse	Katrine Kirkhus
7. klasse	Margrete Dale
8./9. klasse	Silje Therese Høie
10. klasse	Merete Alvestad

Mjølkk

På grunn av korona er det berre dei som abonnerer som vil få mjølkk. Det vil fortsett ikkje bli anna sal.

Diverse lenker:

[Heimeside - Bokn skule](#)

[Skulerute 2020/21](#)

[Inndeling av skuledagen](#)

Ny rektor

Underteikna starta som rektor på Bokn skule 1. juli. Eg slutta som rektor for to år sidan, og har desse åra jobba på Bø ungdomsskole på Karmøy. Eg syns det er kjekt å vera tilbake på Bokn og gleder meg til eit godt samarbeid med de føresette.

Dersom de lurar på noko så ta kontakt med meg eller nokon andre av oss som jobbar på skulen via Visma eller på telefon.

Med helsing

Wenche Havikbotn
Rektor

